



Leikanger 19.november 2020

Referat frå møte i Leikanger sokneråd 17.november 2020

Til stades: Åse Kongsvik, Signe Eikenes, Jon Erling Oppedal, Tore Oddvin Stølen, Tove Stensås, Elin Borlaug Hauge, Vegard Bondevik Lie.

Sak 30/20 Godkjenning av innkalling og referat frå sist møte.

Framlegg til vedtak:

Referat og innkalling vert godkjent.

Vedtak:

Referat og innkalling vert godkjent.

Sak 31/20 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Skriv

Møtebok

- Kyrkjeleg fellesråd 03.11.20

Andre skriv

Meldingar

Orienteringsaker:

Gudstenestene sidan sist v Vegard

Innspel: Medhjelparane, også konfirmantane, ved gudstenesta vert presenterte med namn. Dette kan skje på eit av lysbileta på skjermen.

Framlegg til vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Sak 32/20: Val. Leiar og nestleiar står på val. Val av ny representant til diakonivalet.

Saksframstilling:

Kvart år skal leiar og nestleiar veljast på nytt.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1996-11-15-1452>

Leikanger har ein representant i Diakoniutvalet. Sunneva Husabø var i førre periode vara, og tok på seg å vere vår representant det første året av denne valperioden, med Eli- Marita Vik Næss som vara. Ho ynskjer no avløyasing.

Framlegg til vedtak:

Desse vart valde:

Leiar: Signe Eikenes

Nestleiar: Åse Kongsvik

Diakoniutvalsmedlem: Eli-Marita Vik Næss

Vara for diakoniutvalsmedlem: Tove Stensås

Vedtak:

Desse vart valde:

Leiar: Signe Eikenes

Nestleiar: Åse Kongsvik

Diakoniutvalsmedlem: Eli-Marita Vik Næss

Vara for diakoniutvalsmedlem: Tove Stensås

Sak 33/20 Nye smittevernreglar. Konsekvensar for vår kyrkjelyd

Saksframstilling:

Med dei nye nasjonale smittevernreglane frå 9.11, som førebels gjeld ut november, vert også vår kyrkjelyd påverka. Ein går no tilbake til maks 50 personar i gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Merk også at ein tilrår at lystenning og nattverd ikkje vert gjennomført, samt at andre samlingar utanfor gudstenester og kyrkjelege handlingar blir avlyst ut november månad.

Hovudpunkta er:

- Maks 50 deltakere fordi kirken ikke har fastmonterte stoler, ref regjeringens definisjon.
- Maks 20 deltakere på private sammenkomster som familieselskap, vennefester, julebord o.l. i leide/lånte lokaler.
- Kirkerådet og KA anbefaler at fysiske samlinger utover forordnede gudstjenester, avtalte kirkelige handlinger (dåp og bryllup) og gravferdsremonier avlyses ut november måned. Dette må likevel vurderes og besluttet lokalt ut ifra den lokale smittesituasjonen.
- Nattverd, lystenning o.l. frarådes for å redusere bevegelse i rommet. Oftring bør skje med Vipps e.l. Dette må likevel vurderes lokalt og ut i fra den lokale smittesituasjonen.
- Myndighetene fraråder unødvendige innenlandsreiser.
- Oversikt over deltakere nå skal oppbevares i 14 dager.

For oss inneber det mellom anna at babysongen ikkje lenger vil vere som fysisk arrangement, Lys Vaken 22.11 blir avlyst, maks 50 i gudstenester. Vi kan heller ikkje gjennomføre tradisjonell basar, og både Luciafrukost og Fargerik førjulssamling går ut i desember. Det vert jobba med ein alternativ, delvis digital innsamling/basar som einaste førjulsarrangement i regi av soknerådet i år.

Framlegg til vedtak:

Dei nye smittevernreglane verte tekne til vitande.

Vedtak:

Dei nye smittevernreglane verte tekne til vitande.

Sak 34/ 20 Ny liturgiordning.

Saksframstilling:

Vert ettersendt.

Framlegg til vedtak:

Vegard får fullmakt frå soknerådet til å søkje om utsetjing av utarbeiding av ny liturgiordning

Vedtak:

Vegard får fullmakt frå soknerådet til å søkje om utsetjing av utarbeiding av ny liturgiordning

Sak 35/20 Høyringar**Saksframstilling:**

Det er tidlegare sendt ut informasjon om dette på e-post til alle soknerådsmedlemmer. Vi prioriterer høyringa om ny ordning for kyrkjeval og legg utgreiinga til kyrkjeverja til grunn. Sjå vedlagt dokument.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet støtter kyrkjeverja si tilråding til høyringsuttale om overordna problemstillingar for kyrkjeval.

Vedtak:

Soknerådet støtter kyrkjeverja si tilråding til høyringsuttale om overordna problemstillingar for kyrkjeval.

Referent

Tove Stensås